



Masfjorden kommune

5981 MASFJORDNES

Dato: 01.12.2014

Vår ref.: 2014/22289-6


Saksbehandlar: pernord1

Dykkar ref.:

## Fråsegn til oppstart og planprogram for reguleringsplan for bru over Masfjorden - Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 13.10.2014 om oppstart av arbeid med områderegulering for bru over Masfjorden med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å få ferjefri kryssing av Masfjorden. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der bru over Masfjorden er eit hovudtema i planperioden 2012 – 2024. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet og oppstartmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.



Flyfoto av planområdet. Kjelde: Finn.no

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Planprogrammet beskriv planprosessen med utgreiingsbehov og utgreiingstema på ein oversiktleg måte. Sentrale tema er tatt med. I det følgjande gjer vi nokre presiseringar.

#### Akvakultur

Planarbeidet må synleggjera verknader for akvakulturaktivitet i området, med hovudvekt på lokalitetar innanfor brua.

### Landskap, arkitektur og estetikk

Ei bru over Masfjorden vil uansett løysingsalternativ vera eit stort landskapsinngrep. Utforming, materialval og fargeval, med tilknyting til landskapet på begge sider må tilleggjast stor vekt. Planen bør presenterast med gode og realistiske illustrasjonar av løysingar med påverknad, inngrep og endring av landskapsbiletet.

### Barn og unges interesser

Det er viktig å sikra barn og unge sine interesser ved å utvikla trafikksikre løysingar, men løysingar som og gjer det lett for barn og unge å ferdast i sitt nærmiljø, utan store barrierar. Ei bru over fjorden bør utformast slik at den ikkje vert ein barriere for barn og unge, og at vert mogeleg å kryssa fjorden til fots og ved bruk av sykkel.

### Friluftsliv

Områda vest for ferja og for vegen på Duesundøy er definert som regionalt viktig friluftsområde. Dette er eit moment som må tilleggjast vekt ved val av løysing og ved utforming.

### Kulturminne

Viser til brev av 13.10.2014 med vedlegg, med melding om oppstart av arbeid med områdeplan og høyring av planprogram for bru over Masfjorden mellom Duesundøy og Sandnes.

Planprogrammet viser på s. 7 under *Kulturminne og kulturmiljø* til at det er kjent fleire kulturminne i området: *På Sandnes-sida omfattar dette kyrkja, kyrkjegarden, og hamneområdet, som utgjer eit heilskapleg miljø.*

*Det er også fleire SEFRAK-registrerte bygningar. På andre sida av fjorden er det kjent eit fjerna busetnadsfunn på Duesundøy. Det er og registrert marine kulturminne; skipsvraket D/S Masfjord.*

*Planprogrammet bør avklare om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensane av plan og tiltak, eller om det bør gjerast supplerande undersøkingar. Det gjeld både på land og område i sjø.*

Planproduktet, spesielt arealplankartet og føresegner/retningsliner, bør vera konkret og oversiktleg slik at det er minst mogleg konflikt med kulturminneinteresser. Freda kulturminne bør visast på plankart som bandlagt areal. Vi vil rå kommunen til å bruka dei databasane og kjeldene som er tilgjengeleg når det gjeld arealdisponering i forhold til kulturminneinteresser. Her kan nemnast Riksantikvaren sin database Askeladden (<http://askeladden.ra.no>) når det gjeld automatisk freda kulturminne, vedtaksfreda kulturminne og listeførte kyrkjer/gravplassar. SEFRAK-registeret over nyare tids bygningar/ruinar. I tillegg er det viktig å få fram informasjon om kulturminne som t.d. steingardar, vegar, vegfar, sjøbruksmiljø, marine kulturminne etc.).

I samband med at oppstartsmeldinga for områdeplan og høyring av planprogram omfattar store areal i sjø, må saka oversendast Bergen sjøfartsmuseum (BSM) for vurdering.

Undersøkingsplikta etter § 9 i Kulturminneloven skal utførast i samband med reguleringsplan. I utgangspunktet ser det ut til at slik det vert skissert i oppstartsmeldinga vil alternativet med flytebru og rundkjøring på kote +10 vera det mest skånsame for kjende kulturminne og kulturlandskap på Sandnessida på landarealet. Avstand til ilandføringspunkt er over 300 meter og ein unngår oppbygging og høge skjeringar i terrenget.

### Næringsutvikling

Effektiv transport er eit viktig element for effektiv drift og produksjon både i offentleg og privat regi. Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017 «Næring til fortrinn» har som ein av tre hovudstrategiar: «Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter.» Under dette: «Sikre at infrastrukturen er tilpassa næringslivet sine behov.» Vi vurderer ny bru som eit tiltak i samsvar med desse målsetjingane.

Når det gjeld medverknad er det i planprogrammet lagt opp til eit informasjonsmøte og brev til dei som er direkte råka av tiltaket. Vi vil tilrå at ein legg opp til litt breiare medverknad, t.d. ved å sikra dialog med næringsinteresser.

**Samferdsel**

Fylkeskommunen er positiv til at ein under 7.2 Tema i konsekvensutgreiinga nemner at ein under Trafikkavvikling og Samferdsle set fokus på gode løysingar for kollektivtransporten. Vi ber om at det under planarbeidet vert tatt kontakt med Skyss for innpllassering av eventuelle busshaldeplassar både på Sandnessida og Duesundøy.

Vi gjer merksam på at det er tatt inn følgjande om bru over Masfjorden i framlegget til Regional Transportplan som skal handsamast på fylkestinget i desember 2014:  
 «Kostnadane (ved brua) vert truleg av ein slik storleik at tiltaket vanskeleg kan late seg gjennomføre utan ekstern medfinansiering. Tiltaket ligg på det øvrige fylkesvegnettet.»

**Meir informasjon**

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

**Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune peikar på at bruva som del av fylkesvegnettet truleg krev ekstern medfinansiering. Vi ber om at Skyss vert involvert i planarbeidet med tanke på tilrettelegging for kollektivtilbod. Vi rår til at næringslivet i regionen vert tatt aktivt med i medverknadsprosessen. Det er viktige kulturmiljø i innanfor planområdet, dette må vektleggjast og utgreiast og undersøkjast tilstrekkeleg. Tiltaket har vesentlege verknader på landskapet og dette må få stor vekt, og illustrerast godt i planprosessen.

Vi ønskjer Masfjorden lukke til med dette omfattande planarbeidet.

Marit Rødseth  
plansjef

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonsevator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Sakhandsamar:

Per Nordmark, planeksjonen, regionalavdelinga  
 Lars Øyvind Birkenes, kulturminnevern og museum, kultur- og idrettsavdelinga  
 Nils Egil Grude, transportplaneksjonen, samferdselsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN